

Tru·Ø17

Velkommen med på tur til London



Hei, du som er fødd i 2008

No er det ca. 1,5 år sidan du var konfirmant i ei av kyrkjene på Bømlo. Me synes det var kjekt å vera saman i konfirmanttida, både i undervisninga og i dei andre aktivitetane som høyrer med. Me håpar at det går fint med deg, og at du tar deg tid til å lesa dette brevet.

Har du lyst å vera med på tur til London?

London er spennande og har mykje å by på. På turen blir det byvandring, musikal, kyrkjebesøk og sjølvsagt shopping.

Tidspunktet for turen er **20.juni - 23.juni 2025**.

Me vil ha ei kveldssamling i løpet av våren for dei som melder seg på turen.


Dette brevet er sendt ut til alle medlemar i kyrkja som blir 17 år i 2025, og som er heimehøyrande i Bømlo kommune. Viss de høyrer om andre 17-åringar på Bømlo som ikkje har fått invitasjon, er dei hjarteleg velkomne til å melda seg på turen!

Trusopplæringa skal vera eit tilbod til alle, uavhengig av funksjonsevne. Økonomi skal heller ikkje vera ein ekskluderande faktor. Difor vert det lagt til rette for å kunna søkja støtte til turen. Kor stor del av kostnaden som vert gitt støtte til, blir vurdert for kvar enkelt søknad.

Ein eventuell søknad skal innehalda:

- Namn på ungdommen det gjeld
- Grunngeving av behov for økonomisk støtte

Send søknad til liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no innan 19. januar 2025



STØRST AV ALT

Her er bilete frå turen til London i 2023



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane på Bømlo



Påmelding til Tru:D 17

på www.bomlo.kyrkja.no

Påmeldinga opnar 2. januar kl. 09.00

Det er maks 45 plassar på turen.

Bindande påmelding innan 31. januar 2025.

Reiseleiarar: Asbjørn Gundersen, Liv Merete Fylkesnes Pedersen, Marta B. Havn, Hildegunn Andal med fleire.

Ca. pris kr 6 000 for fly og opphald. I tillegg kjem utgifter til mat, transport til og frå flyplassane, transport i London og lommepengar.

Har du spørsmål eller er det noko du lurar på når det gjeld denne turen, ta kontakt med ein av oss på kontoret.

Venleg helsing kyrkjelydane på Bømlo.

Bømlo kyrkjelege fellesråd

Leirdalen 1, 5430 BREMNES

Telefon: 99 54 34 51

Epost: liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no

Kva er Tru:D?

Dåp og opplæring høyrer saman. Foreldre, fadarar og kyrkjelyd har eit felles ansvar for at barna skal få leva og veksa i trua. Difor har kyrkja tilbod om trusopplæring. Tru:D er for barn og unge i alderen 0 – 18 år.

Kvart år vil barna få invitasjon til eit Tru:D – arrangement. Tru:D har innhald og aktivitetar tilpassa den enkelte aldersgruppa.

Trusopplæringa er eit tilbod til alle, uavhengig av funksjonsevne. Me er avhengige av at foreldre tek kontakt slik at me kan avtala tilrettelegging der det trengs.

Velkommen til Tru:D!



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane på Bømlo